Vår sakshandsamar
Øystein Sellevold, +47 57 82 82 41

Vår dato
08.01.2019
Dykkar dato

Vår referanse
18/15617-3/717.1
Dykkar referanse

ADVOKATFIRMAET HVIDSTEN AS
Postboks 471
6803 FØRDE

Varsel om avslag på søknad om vedtektsendring - BUSTADSTIFTINGA VED SENTRALSJUKEHUSET I SOGN OG FJORDANE, -FYLKESSJUKEHUSET PÅ NORDFJORDEID og -LÆRDAL SJUKEHUS

1. Innleiing

Vi viser til søknad om vedtektsendring i brev av 24. oktober 2018 og vårt brev av 19. desember 2019 med melding om saksbehandlingstid for følgande saker/stiftingar:

Vår sak 18/15617 – Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane, org.nr. 874 979 392
Vår sak 18/15618 – Bustadstiftinga ved Fylkessjukehuset på Eid, org.nr. 983 425 275
Vår sak 18/15619 – Bustadstiftinga ved Lærdal sjukehus, org.nr. 974 979 381

Søknaden er felles, dei endringane det er søkt om er like for dei tre stiftingane og den problemstilling som vi har vurdert å medføre varsel om avslag på søknaden er lik. Vi har derfor sendt eitt brev som gjeld alle tre søknadane.

Stiftingane har søkt om endring av vedtektene på fleire punkt, der fleire er vurdere å være kurante. På eit punkt er det strid mellom styret og opprettar, Sogn og Fjordane fylkeskommune, og det gjeld endring av valordning i vedtektene § 4 (§§ 5 og 6 i dei vedtektene som er søkt godkjende).

Dei andre endringane er vurdert å være mindre endringar av administrativ karakter og vil kunne godkjennast.

Endring av valordning har vore gjenstand for fleire forutgåande brev mellom Stiftelsestilsynet, Stiftelsane, Opprettar og Helse Førde og det er også haldt eit møte der Stiftelsestilsynet deltok i starten for å informere. Styra i stiftelsane og opprettar har ikkje blitt einige om ei løysing slik ein tok sikte på.

2. Våre vurderingar – varsel om avslag

Stiftelsane har i søknaden vist til dei vedtektsfesta saksbehandlingsreglane for omdanning slik at «*Styret handsamar forslag til endringar. Fylkesutvalet gjev fråsegn*», jf. vedtektene § 7 slik også lova er lagt opp, jf. stiftelseslova § 49.

Dagens vedtekter § 4 har slik ordlyd:

> *«(…) Styret vert vald av fylkesutvalet (…) Styret har tre medlemmer med personlege varamedlemmer. Den eine medlemen skal ikkje ha tilknytning til fylkeskommunen. Valet følgjer den fylkeskommunale valbolken»*

Styret og opprettar er einige om at føresegna må endrast som følgje av at fylkesutvalet ikkje lenger ynskjer å være valorgan for stiftelsane.

Ny ordlyd knytt til valrett, slik søkt om av styret (som ny §§ 5 og 6), siterast som følger:

> *«(…) Styret har tre medlemmar med personlege varamedlemar. Styret vel sjølv leiar og nestleiar. Styret vert vald av ei valnemnd. Valperioden følgjer den kommunale valbolken.»*
>
> *«Valnemnda til styret for stiftinga har tre medlemmar og følgjande samansetjing:*
> - *Styret i Helse Førde HF har høve til å peike ut ein representant.*
> - *Formannskapet i Lærdal kommune [heimkommunen til den aktuelle stiftinga] har høve til å peike ut ein representant*
> - *Styret i stiftinga peikar ut ein representant.*
>
> *(…) Ved val av nye styremedlem, skal valnemnda primært ha kompetanse knytt til næringsdrift som kriterium for valet.»*

Opprettar ved Fylkesrådmannen på vegne av fylkesutvalet ynskjer ikkje ein slik ordlyd og har uttalt følgande om korleis dei ønsker føresegna endra i brev av 12. september 2018:

> *«Fylkestinget overfører fylkeskommunen sin valrett til styra i bustadstiftinga til Helse Førde. Helse Førde vel då to at tre styremedlemmer for bustadstiftingane i Nordfjord og Lærdal og tre av fire medlemmer for bustadstiftinga i Førde. Leigebuarane held fram med å velje ein medlem for styra i kvar av stiftingane. Styret vel leiar».*

Styret har valt å ikkje følgje opprettar si uttale, men søkt om endring slik sitert over. Vi viser til tidlegare brev der det er gjort nærmare greie for korleis dei ulike partane vurderer fordelane og ulempene med ulike valordningar. Også Stiftelsestilsynet har sagt noko om dette og vi viser til våre tidlegare brev utan å gjenta dette her.

Etter vedtektene § 7 og stiftelseslova § 49 skal opprettar uttale seg om vedtektsendringa. Verken lova eller vedtektene seier noko om kva vekt uttalen skal ha når det styret og opprettar er ueinige. Det er lagt til grunn i førearbeida og juridisk teori at retten til uttale ikkje er ein vetorett, men at uttalen skal tilleggas vesentleg vekt. Det er også uttalt at det berre unntaksvis vil være aktuelt å vedta omdanning i strid med opprettar si uttale.[1]

Stiftelseslova § 47 seier om innhaldet i omdanningsvedtaket at:

> *«Når omdanningen gjelder stiftelsens formål eller en annen bestemmelse som det må antas at det ble lagt vesentlig vekt på ved opprettelsen av stiftelsen, skal omdanningen så langt som*

[1] Knudsen/Woxhold, Stiftelseloven med kommentarer (2004), side 237

mulig tilpasses det opprinnelige formålet eller det siktemålet som det må antas at lå til grunn for bestemmelsen.»

Vi er einige med opprettar i at av dei ulike løysingane for valordning som er foreslått, er det løysinga fylkeskommunen har foreslått som ligg tettast på den opprinnelege føresegna. Vi viser til fylkeskommunens argumentasjon, men gjentar kort at Fylkeskommunen var sjukehuseigar ved opprettinga og at overføringa av valrett til ny eigar, Helse Førde, synast å være i tråd med det opprinnelege formålet med føresegna - at sjukehuseigaren skulle velje styremedlemmene i stiftingane. Vi vurderer også at denne løysinga er lovleg, sjølv om den som vi tidlegare har påpeika kan gi habilitetsutfordringar.

Styret har framlagt fleire argument for at dei likevel har valt å fråvike uttalen, men vi kan ikkje sjå at vi i eit tilfelle der opprettar si uttale er den som ligg nærast den opprinnelege fråsegna har kompetanse til å vurdere om styrets løysing er meir hensiktsmessig.

3. Kva de kan gjere

De må sende oss oppdaterte vedtekter som reflekterer den endring som opprettar har vedtatt. Dei andre endringane som det er søkt om vil kunne godkjennast slik dei er, men vi har ikkje kompetanse til å delvis godkjenne vedtektene. Styret må eventuelt vurdere punktet om bebuarrepresentant særskilt i ein slik søknad. Styret har innvendt at ordninga i praksis aldri har fungert og at ingen av styra har slik representant i dag. Vi kan ikkje sjå at dette er omtalt eller vurdert av opprettar.

Vi avventar ein revidert søknad med vedtekter som kan godkjennast og ber om at denne er sendt oss innan 4. februar 2019. I motsett fall varslar vi med dette at vi vil avslå søknadane med heimel i stiftelseslova § 47 slik omtalt ovanfor.

Med helsing

Øystein Sellevold
seniorrådgjevar

Kopi: Sogn og Fjordane Fylkeskommune, 6863 Leikanger